

## Møte om bustadbyggeprogram for Bergensregionen 23.08.2018

Til stades: Torgeir Flo (FM), Martin Tvedt (HFK), Stian Skår Ludvigsen (HFK), Tina Sinclair (Os kommune), Tina Therese Larsen (Husbanken), Sverre Høynes (Husbanken), (Husbanken), Trygve Andresen (Bergen kommune), Unn Hovda (Bergen kommune), Knut Andreas Knutsen (Bergen kommune), Frøydis Ones (Lindås kommune), Tina Lund (Askøy kommune), Synne Guldberg (Askøy kommune), Kari Elster Moen (Statens vegvesen), Reidun M. Instanes (Statens vegvesen), Eli Janette Fosso (Fjell kommune), Gunhild Raddum (HFK), Marit Rødseth (HFK), Hans-Christian Engum (HFK), Cathrine Grasdal (HFK),

### Del 1 Om forprosjekt for bustadbyggeprogram

[Marit Rødseth](#) ønskte velkommen og fortalte kort om føremålet med møtet. Det ble gjort ein kort presentasjonsrunde.

[Hans-Christian Engum](#) gjorde greie for *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* (RATP) og tema bustad. Han peikte også på forholdet mellom RATP og den regionale Senterplanen. Der RATP handsamar bustad-tema hovudsakleg med tanke på kvantitet, omhandlar Senterplanen innhald og kvalitet knytt til bustadbygging.

[Cathrine Grasdal](#) gjekk kort gjennom bakgrunn for forprosjekt bustadbyggeprogram: søknad til KMD om midlar, tilsegn og vilkår. Etter dialog med KMD, søker fylkeskommunen om noko utsett frist for endeleg rapportering til 30. april.

[Martin Tvedt og Stian Skår Ludvigsen](#) presenterte statistikk for bustad situasjon no, framtidig potensiale og mulege verktøy/modellar for vidare arbeid. Skår Ludvigsen peikte på eit noko skeivt forhold i vekstsonene mellom bustader (nye etter dagens mønster) og behov i framtida. Bergen framstår som i balanse på dette feltet. Tvedt introduserte kort om ulike modellar for GIS til bruk i rekning av arealreservar og fortettingspotensiale.

Vi hadde ein kort sesjon med spørsmål og kommentarar. Det blei peika på at kunnskapsgrunnlaget for forprosjektet må synleggjere utfordringane med eit bustadbyggeprogram, og dessutan blei trond for politisk forankring løfta fram. Dette skal ein arbeide med vidare.

[Sverre Høynes](#) fra [Husbanken](#): Husbanken har to hovudmål for arbeidet sitt, som handlar om eit variert bustadtilbod, der også vanskelegstilte (ei vid gruppe) skal kunne skaffe seg og halde på eigen bustad; og dessutan eit mål om bustadkvalitet. Høynes løfta fram strategien *Bolig for velferd*. Arbeidet blir koordinert nasjonalt og regionalt, og er i tett samarbeid med FM. Husbanken arbeider tett med det dei kalla programkommunar, der dei er med i strategisk møte med kommunane. I årets tildelingsbrev frå KMD har Husbanken fått eit ekstra oppdrag: «Med utgangspunkt i sitt samfunnsoppdrag skal Husbanken konkretisere hvilken rolle og hvilken oppgaver etaten bør og kan ha for å ivareta boligsosiale hensyn i den kommunale planleggingen.» Storbyprogrammet skal syta for variasjon i innbyggarmassen, livslaupsbustad er en konkret og viktig faktor.

Innspel frå Elster Moen hjå Statens vegvesen (SVV) om ikkje Husbanken burde gje fråsegn til planer. Fleire meinte dette var eit godt innspel, og det kom spørsmål om Husbanken har mandat til det. Husbanken har ei klar rolle inn i det regionale bustadbyggeprogrammet med utgangspunkt i samfunnsmandatet, og kan bidra med økonomiske virkemiddel, kunnskap, nettverk osv.

Husbanken har forventningar om at kommunane (og prosjektet) legg opp til heilskapleg bustadpolitisk planlegging der bustadsosiale og kvalitetsmessige omsyn blir ivareteke frå teori til praksis.

Torgeir Flo frå [Fylkesmannen i Hordaland](#) hadde hovudfokus på korleis eit slikt bustadbyggeprogram kunne bidra til samordna areal- og transportplanlegging, og oppmora deltararane i arbeidet om å vere ambisiøse med tanke på samordning og nullvekstmålet for personbil.

Etter lunsj var [Bergen kommune](#) beden om å fortelle om sitt arbeid med bustadplanlegging, og å sei noko om sine forventningar til eit regionalt bustadbyggeprogram. **Unn Hovda** frå Bergen kommune viste til fortettingspolitikk i gjeldande KPA, men at ein no arbeider med ei strammare arealforvaltning. Dette er forankra i eit strategisk temakart på tross av gjeldande KPA. I eit utvida sentrumsområde kan det bli bygd 6-800 bustader per år fram til 2020, og ein har fokus på inkluderande bustadprogram. Ein ser på aktiv bruk av kommunens eigarskap som eit potensiale framover. Tema bustad er eit viktig tema i reforhandling av Byvekstavtale. Byrådet i Bergen arbeider også opp mot staten med tanke på kommunane sine virkemiddel.

[Etter innlegga var det tid for drøfting av forprosjektet, og litt om kva eit mogeleg hovudprosjekt for bustadbyggeprogram kan vere:](#)

Kva status skal programmet ha - f.eks. bindande for FM i planuttale? Ein del av forprosjektet vil være å avklare statusen – programmet Kan gjerast forpliktande.

Husbanken vil forankre arbeid med bustadprogrammet i sitt arbeid, og ha sine strategiar inn i bustadprogrammet mellom anna må kvalitet på bustad og bamiljø må gjerast tydelegare. Dette må ein arbeide vidare med i forprosjektet, og Husbanken vil delta i arbeidsgruppa.

Det er viktig at programmet får gjennomføringskraft. Dette kan ein sørge for med eit godt nok detaljnivå (typologi). Her må ein også vere nøyne med realisme knytt til utfordringar som eit slikt program synleggjer.

#### **Om målformuleringane:**

Omgrepet balansert blir drøfta, og fylkeskommunen avklarar at det her er tale om både mellom regionsentra og Bergen, og i regionsenterkommunane, og at RATP har fokus på balanse mellom arbeidsplasser og bustad (der transporten blir generert). Perspektivet er både lokale og regionale behov. Ein må avklare meir kva som er meint med balansert – dette må gjerast i forprosjektet.

Det blir òg drøfta korleis arealanalyser i forprosjektet skal spille inn for gjeldande KPA'ar. Fylkeskommunen presiserer at tiltaket i RATP er meint for å få frem potensialet i vekstonene i desse kommunane.

Det blei også spela inn at fokus på barnefamiliar bør bli tatt inn att i mål-formuleringa.

#### **Oppgåver og Roller:**

Politisk forankring blei eit viktig tema i drøftinga, og det kom fleire innspel:

Definere innhald og tema (avgrensing) og forholdet til byvekstavtalen. Dette arbeidet skulle vore kopla betre til byvekstavtaler, og var tenkt som eit kunnskapsgrunnlag for arbeidet med ein slik avtale. Vi rekk ikkje å kople årets byvekstavtale godt nok. Desto viktigare med god politisk forankring i arbeidet framover.

Det blei føreslått politisk styringsgruppe, men ein kom etter kvart fram til at ordførarane, som del av forankringsprosess, må få god informasjon, og at det kunne vere føremålstenleg med ei politisk referansegruppe for hovudprosjektet. Fleire meiner at beste politiske eigarskap blir til ved at politikarane er med og legg premissa i eit prosjekt.

Politisk forankring (også i HFK) blir drøfta i arbeidsgruppa sitt neste møte.

Korleis kople på næringsliv/utbyggjarar, blei og tatt opp.

Elles ønskte Husbanken ei aktiv rolle i vidare arbeid med forprosjektet, medan FM og SVV såg det som føremålstenleg å få informasjon, ev. sitta i ei referansegruppe framover.

Det blei òg drøfta å bruke Askøy kommune og Kleppestø som case i kunnskapsgrunnlag for forprosjekt. Dette blir skal vi avklare meir på neste møte i arbeidsgruppa.

Datoen 7. september blei føreslått.

## Del 2 Om mulege prosjektsøknader til KMD-midlar med frist 31. august

### Hovudprosjekt bustadbyggeprogram (1,5-2 mill.)

Å utarbeide eit bustadbyggeprogram basert på forprosjektet vi no arbeider med.

#### Kommunal sykkelstrategi?

Hordaland fylkeskommune søker om ein pott frå KMD, som kommunane kan søkje midlar til sykkelstrategiar frå. **Kr 300 000,- pr kommune, og tilsvarande pr. kommune frå staten**

Bergen har sykkelstrategi, kopla til Miljøløftet

Askøy har vært inne på et arbeid, men skal sjekke nærmere kva dei har.

Lindås har mål om infrastrukturen for sykkel, men ikkje om å lage eigen plan/strategi for sykkel.

Os vil bli sykkelby, og her er sykkelstrategi ein føresetnad.

Fjell har sykkelstrategi, signert Sykkelbyavtalen

Fleire av kommunane har «prosjektstopp», og har dermed ikkje høve til å starte opp nye arbeid utan at det føreligg ei politisk bestilling.

### Handel (HFK-prosjekt, som bruker kommunane som ressurs)

Kva behov har næringsliv, privat/offentlige interesser - eit konsulentoppdrag på dette?

Casestudie? BID? Kva krav ligger i grenselandet mellom bustad og næring/handel?

Kommunane vil gjerne ha informasjon og dialog om dette arbeidet, og kan vere ressursar.